



Noregs vassdrags- og energidirektorat - NVE
Seksjon for miljøtilsyn vassdragsanlegg
v/ Karianne Rognhaugen

Seksjon for nettkonsesjonar
v/ Susanne Magnus

Dykkar ref: 202502034-6

28.04.2025

Firdakraft sine svar på høyringsfråsegner til Detaljplan for miljø og landskap og søknad om anleggskonsesjon for Øksenelvane kraftverk

Firdakraft viser til høyringsrunde til vår detaljplan for miljø og landskap (DML) og søknad om anleggskonsesjon for nye Øksenelvane kraftverk. Vi svarar her på dei einskilte punkta i høyringsfråsegnene.

Vestland Fylkeskommune viser til regionale planar for fornybar energi, klima og vassforvalting. Fylkeskommunen føreset at dei planlagde tiltaka vert tilpassa landskapet og vert så små som mogeleg, at avbøtande tiltak vert følgd opp på ein god måte, og at ein ved funn av automatisk freda kulturminne straks må varsle fylkeskommunen og stanse arbeidet til funna er vurdert. Ut over dette har dei ingen avgjerande merknadar til detaljplanen.

Firdakraft vurderer at punkta som Fylkeskommunen peikar på vil bli følgt opp på ein god måte som det går fram av detaljplanen.

Statsforvaltaren Vestland legg til grunn at nye naturinngrep blir avgrensa så langt som råd, at anlegg blir godt tilpassa terreng/landskap og at området

blir tilbakeført i tråd med moderne praksis basert på den lokale frøbanken. Vidare må det stillast vilkår om avbøtande tiltak som kan redusere påverknaden for marint naturmiljø, og konsekvensutgreiinga viser særleg til tiltak for å redusere partikkelspreiinga. Dette legg òg detaljplanen opp til.

Firdakraft vurderer at punkta Statsforvaltaren peikar på vert følgt opp på ein god måte i detaljplanen.

Bremanger kommune viser til tidlegare høyringsfråsegn til konsesjonsavklaring og til avgjerder i to dispensasjonssaker frå kommunal arealplan. I begge tilfella vart det gjeve dispensasjon med ei rad vilkår. Kommunen er nøgde med at vilkåra i stor grad er følgde opp i DML og føreset at desse vert vidare følgt opp fram mot anleggsstart.

Kommunen vurderer at «dei ulike tiltaka har varierende grad av prosjektering, slik at det vil vere nødvendig med byggjeløyve etter plan- og bygningslova, for å sikre tilstrekkeleg avklaring av verknader av tiltak. Vi bed derfor om at tiltaket med landfyllingar og lukehus i samband med inntak Øksendalsvt., blir byggjemeldt, sameleis Klubbevika inklusive utskipingsanlegg for lekter, og fylling i Lunden.»

Om tiltaka i Åskora skriv dei: «Dersom fylling og/eller vegheving likevel blir aktuelt i Åskora, må desse tiltaka detaljprosjekterast og byggjemeldast med ansvarsrettar. I byggjesaka må det då dokumenterast at aktuelle vilkår i dispensasjonsvedtaka er oppfølgt.»

Firdakraft viser til at vi har inkludert vilkåra frå Bremanger kommune i detaljplanen slik den ligg føre, og at vi både vil følgje dei gjevne vilkåra og halde fram med den gode dialogen med Bremanger kommune.

Når det gjeld ynskje om byggjemelding for dei ulike tiltaka ved Øksendalsvatn, Klubbevika og Lunden meiner vi det er svært uheldig å ha dobbel saksgang

etter ulike lovverk – både vurdering av DML etter energilovgjevinga og byggjemelding hjå kommunen etter PBL. Vi tenkjer dette ikkje samsvarar med målet om effektiv offentleg forvaltning og ser risikoen for forseinking av framdrifta i prosjektet (med mogelege følgjer at det blir meir utfordrande å etterleve miljømåla – jf. utfylling i sjø og gyteperiode for torsk). Vi viser til Forskrift om byggesak §4-3 Unntak frå krav i plan- og bygningslovgivningen (...) og vurderer at hjelpeanlegg til vasskraftanlegg er unnateke krava i PBL. Vi meiner dessutan at dette bryt med eit viktig prinsipp om at kraftbransjen skal kunne forhalde seg til NVE/energidepartementet som einaste forvatningsmynde («one-stop-shop») i saker som kjem inn under energisektoren. NVE har gjennom dette eit overordna nasjonalt ansvar for å vurdere fordelar og ulemper, og sørgje for at alle dei naudsynte omsyn vert teke i vare på ein god måte.

Når det gjeld tiltak med fylling og/eller vegheving i Åskora stemmer det at desse ikkje er detaljprosjektert, og at vilkåra i kommunen sitt dispensasjonsvedtak per i dag ikkje fullt ut er stetta. Skulle gjennomføring verte aktuelt, ynskjer Firdakraft primært å forhalde seg til NVE og handtere tiltaket som ei endring til DML.

Anleggskonsesjon: Statsforvaltaren i Vestland konstaterer at straumkablane skal leggjast i eksisterande infrastruktur. Ut over dette hadde ikkje høyringspartane merknadar til søknaden.

Vi håpar med dette å ha svara ut høyringsfråsegnene til DML og anleggskonsesjon for nye Øksnelvane kraftverk, og at planane med sine vilkår kan godkjennast.

Venleg helsing

Geir Rune Rauset

Miljørådgjevar

Tlf. 97001920

Epost: geir.rune.rauset@sfe.no